

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 02.02.2004 **Tid:** 14.30 – 17.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5.

Andre som var tilstade på møtet:

Adm.sjef Ramsli og Ass.adm.sjef Våge

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 06.02.2004

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjent slik den ligg føre

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent

UTVALET SITT KVARTER:**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

1. Utsending av møtebok/protokoll på e-post til medlemmane som ønskjer dette. Kommunestyreprotokollen vert godkjent og underskrive av tre medlemmer. Desse vert peika ut av kommunestyret på møtet.
2. Kontrollutvalet sin protokoll vert lagt fram for kommunestyret som ei orienteringssak under skriv og meldingar.
3. Ordføraren orienterte om at regionrådet for Bergen og Omland inviterar medlemmane i formannskapa i alle medlemskommunane til ei felles samling 12.03.04. Spørsmålet kom opp om Samnanger skulle opna opp for andre enn dei faste medlemmane i PØ vart drøfta, men konklusjonen vart ein avgrensar det til PØ sine medlemmer.
4. Administrasjonssjefen orienterte om ambulansesaka, m.a. frå møtet med Helse-Bergen 30.01.04. Ambulansen skal no stå permanent i Eikelandsosen, og det vert berre ein bemanna ambulanse stasjonert her etter klokka 16.00 og i helgane. Adm.dir i Helse Bergen har lova Samnanger kommunen å få tilsendt referat og vedtak i saka i løpet av inneverande veke. Helse Bergen meiner dei har mynde til å avgjere dette suverent, og at ordninga skal i fylgje det dei har lagt til grunn evaluert etter eit par år. Saka reiser fleire prinsipielle spørsmål, ikkje berre kven og korleis den konkrete saka er handtert. Adm.sjefen ser no nærare på korleis ein skal jobbe vidare med desse spørsmåla. Sidan saka er prinsipiell i høve til maktfordeling mellom stat og kommune, vil KS vera ein aktuell part. Me bør og rådføra oss med fagmiljø innan område offentleg forvaltning.
5. Administrasjonen v. Kommunekasserar og adm.sjef orienterte om førebelse rekneskapsresultat. Det viser eit relativt stor underskot, noko som både skuldast sviktande skatteinntekter men og overforbruk på einskilde område. Konsekvensen av eit underskot på 2003-rekneskapsen er at dei midlane som er nytta til å saldera 2004-budsjettet må nyttast til å dekkja underskot i 2003. Det vert dermed underbalanse i 2004-budsjettet.
I tillegg har me no fått melding om at eigedomsskattegrunlaget for kraftverk for 2004 er redusert svært mykje, og det gir ein svikt i høve til budsjettet på rundt 430.000 kroner. Det forsterkar underbalansen ytterlegare.
Administrasjonen vil når rekneskapsresultatet er klart – innan 15. februar – lage ein framdriftsplan for arbeidet med å få 2004- budsjettet i balanse.
6. Med innkalling til møtet var det sendt ut eit notat frå personalsjefen med spørsmål som skal drøftast på strategikonferansen til KS. Spørsmålet vart gjennomgått, og dei som reiser frå kommunen tek desse med seg i drøftingane på samlinga.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0001/04	02/00382 KJØP AV KOMMUNAL EIGEDOM PÅ YTRE TYSSE FØRESPURNAD OM RETT I HØVE TIL KAIOMRÅDE
0002/04	02/00531 KLAGE PÅ TILKNYTINGSavgift - KRAV OM ERSTATNING
0003/04	04/00033 TILLEGGSLOVNINGAR 2004. EKSTRA UNDERVISNING

0001/04

KJØP AV KOMMUNAL EIGEDOM PÅ YTRE TYSSE FØRESPURNAD OM RETT I HØVE TIL KAIOMRÅDE

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming i møte:

Bright Olav Gåsdal sette fram slikt framlegg:

Reguleringsplan for Ytre Tysse er ikkje ferdig. Det er fleire idear for korleis området kan nyttast. I ein slik fase av reguleringsarbeidet ønskjer kommunen ikkje å gje forkjøpsrett til firmaet H. Hadeland eller andre.

Marit A Aase sette fram slikt framlegg:

Firma H. Hadeland får fortrinnsrett til kjøp av kaiområdet på Ytre Tysse dersom kommune vel å selja eller området ikkje lengre skal vera i offentleg eige. Kjøpet vert til marknadspris.

4 røysta for framlegget frå Gåsdal og 1 for framlegget frå Aase.

Vedtak:

Reguleringsplan for Ytre Tysse er ikkje ferdig. Det er fleire idear for korleis området kan nyttast. I ein slik fase av reguleringsarbeidet ønskjer kommunen ikkje å gje forkjøpsrett til firmaet H. Hadeland eller andre.

0002/04

KLAGE PÅ TILKNYTINGSavgift - KRAV OM ERSTATNING

Handsaming i møte:

Utvalet var samd i at saka måtte sjåast på som eit spørsmål om erstatning for meirutgifter som kommunen ved sine tilsette hadde påført klagar.

Utvalet meiner at det går tydeleg fram av salsprospekt og avtale at kjøpar sjølv måtte syte for avtale med grunneigar for framføring av veg og leidningsnett. Ut frå dette kan ikkje kommunen vera erstatningspliktig.

Marit A Aase sette på bakgrunn av drøftingane fram framlegg om å ikkje imøtekoma klagaren. Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Klagen vert ikkje imøtekomen.

Det vert vist til kjøpsavtalen pkt. 2 ”Kjøpar må sjølv skaffa vegrett og evt. Tilleggsparsell frå andre rettshavara”, og til salsprospektet pkt. andre tilhøve ”Kjøparen må sjølv syta for rett til bruk av privat veg, vegrett og rett til å leggja vatn/avlaup over annan manns eigedom”.

0003/04

**TILLEGGSLØYVINGAR 2004.
EKSTRA UNDERVISNING**

Framlegg til vedtak:

Samnanger kommune budsjettjusterar kr. 200.000,- frå Tilleggsloevingskontoen

1.1200.1800.4900 til å dekkje ekstraordinært undervisningsopplegg i 2004:

Konto: 1.2010.2021.0300: auke med kr 130.000,-.

Konto: 1.2030.2023.0300: auke med kr. 35.000,-.

Konto: 1.2030.2023.2900: auke med kr.35.000,-.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune budsjettjusterar kr. 200.000,- frå Tilleggsloevingskontoen

1.1200.1800.4900 til å dekkje ekstraordinært undervisningsopplegg i 2004:

Konto: 1.2010.2021.0300: auke med kr 130.000,-.

Konto: 1.2030.2023.0300: auke med kr. 35.000,-.

Konto: 1.2030.2023.2900: auke med kr.35.000,-.